



Skafså Kraftverk ANS

3891 HØYDALSMO

Vår dato: 20.12.2018

Vår ref.: 201800824-4

Arkiv: 641

Dykkar dato: 03.05.2018

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ragnhild Aker Nordeng

Vedtak: Brot på systemansvarsforskrifta § 14 sak: Skafså Kraftverk ANS

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fattar vedtak om at Skafså Kraftverk ANS har brote forskrift om systemansvaret i kraftsystemet (systemansvarsforskrifta) § 14 ved å sette i drift anlegg utan godkjenning frå systemansvarleg. Etter ei samla vurdering har vi kome til at vi ikkje skal gje gebyr for brot på systemansvarsforskrifta i denne saka.

Vedtak

I samsvar med forskrift av 7. mai 2002 nr. 448 om systemansvaret i kraftsystemet §§ 14 og 26a fattar NVE følgjande vedtak:

1. Skafså Kraftverk ANS har ikkje følgt systemansvarsforskrifta § 14 første ledd då Åmdal kraftverk blei sett i drift etter endringar den 28. august 2017.
2. Vi gjev ikkje gebyr for brot på systemansvarsforskrifta § 14 i denne saka.

Bakgrunn for saka

Den 16. januar 2018 mottok vi ein kopi av vedtak om godkjenning av Åmdal kraftverk frå Statnett. I vedtaket kjem det fram at anlegget blei sett i drift utan godkjenning av systemansvarleg. Anlegget blei sett i drift 23. august 2017, mens søknad om godkjenning blei sendt 5. desember 2017. Systemansvarleg meiner dette er eit brot på systemansvarsforskrifta § 14 første ledd og har derfor ei plikt til å sende ein kopi av vedtaket til NVE. Endringa gjeld skift av turbinregulator, vern- og kontrollanlegg.

I brev av 3. mai 2018 skriv de at de la vekt på å få spesifikasjonar til anlegga i samsvar med krava i FIKS, men tenkte ikkje på at utskifting av anlegg også kunne vere søknadspliktig til systemansvarleg. Vidare skriv de at de har gjort tiltak, slik at systemansvarsforskrifta § 14 vil bli følgd ved framtidige endringar i neverande anlegg eller når nye anlegg blir sett i drift.

NVE vurderer at Skafsfjord kraftverk ANS har brote regelverket

Konsesjonær skal informere systemansvarleg om planar for nye anlegg eller endringar i noverande anlegg i regional- og transmisjonsnett når endringa får følger for andre konsesjonærar. Nye anlegg eller endringar i noverande anlegg kan ikkje bli sett i drift utan vedtak frå systemansvarleg.

Konsesjonær bør informere systemansvarleg så tidleg som mogleg, slik at systemansvarleg har reelt høve til å stille ytterlegare krav til anlegget. Derfor er det heller ikkje tilstrekkeleg å søkje berre få veker før anlegget blir sett i drift.

På bakgrunn av informasjon motteke frå systemansvarlig og frå dykk, legg vi til grunn at tiltaket får følger for andre konsesjonærar og at det blei sett i drift utan godkjenning av systemansvarleg. De har dermed ikkje følgt systemansvarsforskrifta § 14 første ledd.

Konsekvensar av brot på forskrifa

Etter systemansvarsforskrifta § 26a, kan NVE gje gebyr for brot på § 14. NVE har ingen plikt til å gje slike gebyr, dette blir avgjort etter skjønn. I vurderinga har vi lagt vekt på at dette er første brot. Vi har også lagt vekt på at de har gjort tiltak for å følge forskrifta i framtidige saker. Vi har derfor kome fram til at vi ikkje skal gje gebyr for brot på systemansvarsforskrifta i denne saka.

Vi legg til grunn at de i framtida følgjer opp systemansvarsforskrifta § 14 i samsvar med dei nye rutinane, og sender informasjon om nye anlegg eller endringar i noverande anlegg til systemansvarleg i god tid før det blir sett i drift. Som eit minimum skal nye anlegg ikkje bli sett i drift før systemansvarleg har godkjent tiltaket. Ved framtidige brot på systemansvarsforskrifta § 14 vil vi vurdere å gje gebyr. NVE avsluttar med dette saka.

Klagerett

De kan klage på denne avgjerdha til Olje- og energidepartementet innan 21. januar 2019. De må grunngje ei eventuell klage skriftleg, skal bli stilt til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til den sentrale e-postadressa vår nve@nve.no. Sjå nærmare om krav til klagar i forvaltningslova [kapittel VI](#).

Ta gjerne direkte kontakt med sakshandsamaren vår dersom de har spørsmål.

Med helsing

Torfinn Jonassen
seksjonssjef

Ragnhild Aker Nordeng
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:



Erik Magnus Evja
Statnett SF